

## **Referat frå styremøte i Valldal IL torsdag 9.april 2015**

### Desse møtte:

Einar Hoel, Anders Rem, Kristin Sandnes, Trond Håvoll, Inge Sunde, Liv Marit Indreeide

Fotball v/Richard Moen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Kjersti Magnussen

Torkjell Døving, representant arb.gruppa for kunstgrasbana

### **Sak 10/15 Kort orientering frå styret og gruppene**

Trimgruppa: Trimkorta er ferdig, og vil vere i handelen frå 01.05.15. Sykkeltrim 1. mai. Har kjøpt inn 2 sykklar.

Fotballgruppa: Snart sesongstart. Første heimekamp 21. april. Litt spenning mht om grasbana er klar til den tid. Jobbar no med programbladet for sesongen 2015. 11 lag er påmeldt i serien. Det vart denne veka utsendt krav om treningsavgift. Eit gutelag (G19) vil prøve å stille lag i Norway Cup.

Friidrett: Har enno ikkje fastsett kalenderen for sesongen. Blir etter same lest som tidlegare. KM i terrengløp 12. april.

Skigruppa: Sesongen er avslutta.

### **Sak 11/15 Konstituering av styret**

Kasserar: Trond Håvoll

Skrivar: Liv Marit Indreeide

Husansvarleg: Kristin Gilje Sandnes

### **Sak 12/15 Idavollen**

Torkjell Døving som representerer banenemnda var innkalla og tilstades under denne saka. Han informerte litt om kva som er problematikken i denne saka.

Etter at det er sendt nabovarsel for bygging av lys og ballfangarnett på Idavollen, har nabo Rune Martinez sendt begjæring om naboskjønn til Sunnmøre Tingrett.

Einar refererte frå siste brev frå Advokatane Aarsæther, Hove og Tynes (advokat til Martinez). Dei ønskjer eit møte for å prøve å bli einige.

Det er ikkje tvil om at alt dette resulterer i forsinka byggestart, fordyrar det planlagde anlegget, og påfører oss store advokatutgifter.

VIL sin advokat anbefaler tilsvar til Sunnmøre Tingrett. Viktig å få **skriftleggjort** vårt syn. Kan evt. gå i dialog etterpå.

Styret gir Einar fullmakt til å «køyre på» med advokat for å prøve å få løyst dette så raskt som råd.

20. april er foreløpig møtedato med vår advokat i Molde. Einar ringer i morgon for å gjere endeleg avtale om møtetidspunkt. Han vil i førekant sende over alle aktuelle papir. Torkjell blir med på dette møtet.

Hensikta med dette møtet er å utforme eit tilsvar til Tingretten, med formål om å få fortgang i saka.

### **Sak 13/15 Lysløypa**

Einar informerte om brev frå Aase sin advokat . I dette brevet etterspør dei kart i forbindelse med festekontrakt frå 1983, før ein går inn i vidare forhandlingar. Dette kartet har til no ikkje vore mogleg å oppdrive.

VIL sin advokat har utforma utkast til brev til forliksrådet. Det blir bestemt at VIL ønskjer å gå vidare med å sende brevet til Forliksrådet.

### **Sak 14/15 Sandvolleyballbana**

Utfordre Tor Erik Jarvik og Per Jomar Nerli til å fullføre. Prøve å bruke dei volleyballnetta vi har.

Møtet slutt ca kl 21.30

Liv Marit Indreeide

-referent